





## Referat


### Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde


<b>Dato og tid:</b>	15.sep 2020, kl. 10:00 – 12:30
<b>Møtestad:</b>	Digitalt møte på Teams
<b>Møteleiar:</b>	Åslaug Bøhn Botnen
<b>Til stades:</b>	Madeleine B. Skjelde (Voss sjukehus), Ida C. Eide Aabrek (brukarrep.), Stein Johnny Heggstad (brukarrep.), Kjersti Nordanger (Voss), Solveig Vestrheim Stue (Voss sjukehus), Åshild Sønsteby (Ulvik), Grete Lill Hjartnes (SSE), Britt Heidi Tefre (NSF), Solrun Hauglum (Vaksdal), Åslaug B. Botnen (Kvam), Frédéric E. Larsen (Voss DPS NKS Bjørkeli), Randi-Luise Møgster (HUS), Odd Ivar Øvregård (prosjektleiar utviklingsplanen)
<b>Fråfall:</b>	Ragnhild Rykkje (fagforbundet), Karin Flatabø Thrane (Eidfjord)
<b>Referent:</b>	Reidun Braut Kjosås (SSE)

<b>Nr.</b>	<b>Saksliste</b>	<b>Saks-type</b> (Vedtak Drøfting Orientering)	<b>Vedlegg</b>
28/20	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> Innkalling og saksliste vart godkjent med følgjande merknader: <ul style="list-style-type: none"><li>- ei sak er meldt inn under eventuelt. Sak om pasientreiser og manglande avtaledækning i deler av distriktet</li><li>- Sak 32/20 er ikkje ei vedtakssak men ei orienteringssak</li></ul>	V	
29/20	<b>Godkjenning av referat frå møtet 14. mai 2020</b> Referatet vart godkjent utan merknader	V	
30/20	<b>Referat frå underutvala</b> <ul style="list-style-type: none"><li>○ Underutval barn og unge<ul style="list-style-type: none"><li>○ møte 14.05.20</li></ul></li><li>○ Underutval psykisk helse<ul style="list-style-type: none"><li>○ møte 27.08.20</li></ul></li><li>○ UFAB<ul style="list-style-type: none"><li>○ møte 02.06.20</li></ul></li></ul> Det var ingen merknader til referata frå underutvala	O	

31/20	<p><b>Handlingsplan 2020</b> SSE orientering om status for tiltaka</p> <p>Det var ingen merknader til saka.</p>	O	
32/20	<p><b>Handlingsplan 2020 - Årleg gjennomgang av avtaleverk</b> Endring av avtaler grunna kommunesamanslåing</p> <p>Det var ingen merknader til saka. Helse Bergen HF vil i løpet av hausten 2020 sende dei aktuelle samarbeidsavtalane til signering hos partane.</p>	O	
33/20	<p><b>Handlingsplan 2020 - Planlegge og gjennomføre og evaluere fellesøving om samarbeid ved pandemisk influensa</b></p> <p>Helse Bergen spelte inn at det kanskje vil vera behov både for underveisevaluering hausten 2020 våren 2021.</p> <p><b>Vedtak</b> Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til forslag om at det hausten 2020 vert planlagt for ei undervegs-evaluering slik det er skissert i tilrådinga frå SSE. Det må og vurderast behovet for ei evaluering våren 2021.</p>	V	
34/20	<p><b>Handlingsplan 2020 - Felles utviklingsplan</b></p> <p>1. Prosjektlear Odd Ivar Øvregård orienterte om status i prosjektet</p> <p>2. Innspel og drøfting av tema i felles utviklingsplan. I orienteringa var det fokus på styringsmodellar og at det er stor forskjell mellom kommunar og sjukehusa knytt til styringsmodellar og besluttingsprosessar. Det vil vera av stor verdig for alle partar og planleggja i fellesskap, då særskilt sett frå eit brukarperspektiv.</p> <p>3. Samansetjing av arbeidsgrupper i «Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling.» Tidshorizonten for prosjektarbeidet er kort og det er derfor behov for å etablera 3 arbeidsgrupper relativt raskt. Det er skissert behov for 3 arbeidsgrupper</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeidsgruppe 1 på strategisk leiarnivå <ul style="list-style-type: none"> <li>o «Organisering av, og rolle og funksjon til, toppleiarmøtet»</li> <li>o Deltakarar: gjerne ordførar, rådmann</li> <li>o 3-4 møter fram til medio desember</li> </ul> </li> <li>- Arbeidsgruppe 2 på strategisk nivå <ul style="list-style-type: none"> <li>o «Organisering av, og rolle, mynde og funksjon til, SU»</li> <li>o Deltakarar: gjerne kommunalsjef innan helse og omsorg</li> <li>o 4-5 møter fram til medio desember</li> </ul> </li> <li>- Arbeidsgruppe 3 retta mot driftsnivået <ul style="list-style-type: none"> <li>o «Organisering / oppdeling av, og rolle og funksjon til, fagleg samarbeid.»</li> <li>o Deltakarar: fagpersonar som sit i underutvala</li> </ul> </li> </ul>	<p>1. O</p> <p>2. D</p> <p>3. D/V</p>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ 4-5 møter, men framleis litt usikkert</li> </ul> <p>Det er eit ønskje om at minst eit møte i kvar av arbeidsgruppene skjer fysisk (men dette vil avhenge av pandemisituasjonen), medan dei andre vert arrangert digitalt.</p> <p>Helse Bergen vel sine representantar i føretaksmøtet den 22.sep.</p> <p>Fastlegane vil og verta involverte i arbeidet. Det vert planlagt ein eigen prosess for dette.</p> <p><b>Vedtak</b> Samarbeidsrådet har drøfta modell for samansetjing av arbeidsgrupper og er samde i den fordeling som vert lagt til grunn.</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde melder tilbake til Reidun (SSE) innan tysdag 22.sep kven som skal representera kommunane i Voss lokalsjukehus område i dei ulike arbeidsgruppene.</p>		
35/20	<p><b>Toppleiarmøtet 2021</b></p> <p>Frå Føretaket si side er det eit klart ønskje om å gjennomføra Toppleiarmøtet som planlagt den 28.januar, men planleggja for færre deltakarar og moglegheita for å følgja møtet digitalt. HB ønskjer ikkje å skyve møtet fram då covid-19 situasjonen vil vera den nye «normalen» langt fram i tid. Med tanke på felles utviklingsplan og Helsefelleskap vil det og vera vanskeleg å skyva dette møtet fram i tid.</p> <p>Kommunane i lokalsjukehus området ønskjer på si side å utsetje møtet til våren 2021.</p> <p>Endeleg avklaring omkring gjennomføring vert opptil AK og programkomiteen.</p>	0	
36/20	<p><b>Digitalisering i Vest</b></p> <p>Anne Bjørlykke, virksomhetsarkitekt, Helse Vest IKT orienterte om saka.</p> <p>Presentasjonen ligg ved referatet.</p>	0	 Sak 36_20_Projekt Digitalisering av Helse
37/20	<p><b>Samskaping i Vest</b></p> <p>Trude Senneseth, Psykologspesialist, Programansvarleg for Samskaping i Vest orienterte om saka</p> <p>Presentasjonen ligg ved referatet</p>	0	 Sak 37_20_Samskaping i V
38/20	<p><b>Tilskotsordning for sekretariatsfunksjon</b></p> <p><b>Vedtak</b> Samarbeidsrådet sluttar seg til SSE si tilråding i saka. Samarbeidsrådet peikar ut Åshild Sønsteby (Ulvik herad) som representant til arbeidsgruppa.</p>		

39/20	<p><b>Covid 19</b></p> <p>Randi-Luise Møgster orienterte kort om status for arbeidet i koordineringsgruppa.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Koordineringsgruppa møtes no kvar veke. Undergruppene om forsyning og pasientflyt møtes framleis jamleg.</li> <li>- det er utfordrande personalsituasjon i enkelte kommunar</li> <li>- krevjande å få tak i tilstrekkeleg med analysereagenser</li> <li>- koordineringsgruppa ønskjer at det skal vera prioriteringskriterier for kven som skal testast. Dette er no opp til kvar kommune. Nasjonale myndigheiter vil ikkje inn å gjera endringar.</li> </ul>		
40/20	<p><b>Orientering frå partane</b></p> <p><b>Helse Bergen (HUS)</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- praksis i høve masterstudentar i klinisk ernæring. Praksislengde er auka og set krav til praksis i kommunal helse- og omsorgsteneste. Kva skal til for å at kommunane ynskjer å ta imot ernæringsstudentar i praksis? Helse Bergen v/Seksjon for samhandling, kan bidra i den vidare prosessen ved å samle inn kva behov for informasjon kommunen treng (sjå vedlagt presentasjon).</li> <li>- <b>Prosjekt legebil Voss IKL/AMA 2020.</b> Skal prøva gjennom et tettare og forpliktande samarbeid mellom spesialisthelsetenesta ved Akuttmedisinsk avdeling (AMA) og Voss interkommunale legevakt (Voss IKL), at Ambulansepersoneil/paramedic med 160 kode løyser oppdrag saman med legevaktslege. Arbeidet er godt i gang.</li> <li>- <b>Fagleg integrasjon mellom psykisk helsevern og rusmedisin.</b> Divisjon psykisk helsevern og Avdeling for rusmedisin skal samarbeide endå tettare for å vidareutvikle tenestene til pasientane. Målet er å sikre eit meir heilskapleg behandlingstilbod innan rus og psykisk helse.</li> </ul> <p><b>Helse Bergen (Voss sjukehus)</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Hospitering på sjukehuset for kommunetilsette er sett på vent pga. covid-19 situasjonen.</li> <li>- Legevakta er no inne i sine vanlege lokale</li> <li>- Covid-19 pregar sjølvstøtt drifta på sjukehuset men ting går som dei skal.</li> </ul> <p><b>Voss DPS – Bjørkeli</b></p> <p>Bjørkeli er veldig fornøgd med samarbeidet med Voss Sjukehus om testing for smitte av tilsette, og tilgang på utstyr, og har og eit godt og viktig samarbeid og regelmessig dialog med Divisjon Psykisk Helsevern i Helse Bergen knytt til pågåande pandemisituasjon.</p> <p>Bjørkeli har full drift og god aktivitet. DPSet har oppretthaldt aktiviteten gjennom det siste halvåret. Før sommaren var det ein enorm vekst i video og telefonkonsultasjonar, nå har dette stabilisert seg på eit lågare nivå, men framleis høgare enn før pandemien.</p>		 <p>Sak 40_20_Orientering HB</p>

	<p>Bjørkeli har sett ei auke i akutte handvingingar, der dei har eit ansvar forankra i akuttforløpet.</p> <p>Det vert elles jobba for fullt med å få på plass ny versjon av Dips Arena, som skal i drift frå 16. november.</p> <p>Samarbeidet med NAV Voss/Hardanger om IPS (Jobbspesialistar) har snart pågått i 1 år og det vert no jobba hardt med å få opp tal deltakarar i dette tilbodet, som fekk ein liten brems i forbindelse med pandemien.</p> <p><b>Voss herad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Mykje tid går med til handtering av covid-19 situasjonen.</li> <li>- Stor omleggingsprosess i gang i kommunen</li> <li>- mindre avvik enn tidlegare</li> </ul> <p><b>Vaksdal kommune</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Som andre kommunar, travelt, stort fråvære, handtering av covid 19, stram økonomi</li> <li>- Omleggingsprosjekt der målet er å rigge oss for framtida <ul style="list-style-type: none"> <li>o utfordringar i høve befolkningsamansetting</li> </ul> </li> </ul> <p><b>Kvam herad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeider med å rigge ny teststasjon for covid-19</li> <li>- Politisk sak om fastlegar og korleis organisere fastlegane i kommunen (sentralisering)</li> <li>- same utfordringane som Vaksdal i høve befolkningsamansetting</li> </ul>		
41/20	<p><b>Eventuelt</b></p> <p><b>Pasientreiser</b> - Manglande avtaledækning i deler av distriktet Randi-Luise Møgster orienterte kort om situasjonen sett frå Helse Bergen si side (sjå vedlagt presentasjon).</p> <p>Kommunane er ikkje direkte part i saka men ordførarane er direkte orientert og har sagt dei ønskjer å bidra i arbeidet med å løyse saka.</p> <p>Brakar visar til at fleire pasientar er fortvila over situasjonen. Det vert oppmoda om at det blir gjort ei grundig vurdering på kven som får anbodet. I vurderinga bør lokal kunnskap, tryggleik og kvalitet på transporten vera viktige vurderingspunkt.</p> <p>Frist for endeleg avklaring er utsett 4 veker.</p>		 <p>Sak 41_20_STATUS PASIENTREISER OG TF</p>

**Neste møte: Tysdag 8.desember**